

Saksbehandlar: Sigrid Ølmheim, Plan og samfunn  
Sak nr.: 21/3320-1

## **Planstrategi for Sogndal kommune 2021-2024**

**Rådmannen rår plan- of forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:  
Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1.

### **Andre relevante dokument i saka:**

Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030  
Planstrategi for Sogndal kommune 2020-2023

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogndal kommune skal ta ei aktiv rolle i å styre samfunnsutviklinga gjennom planverket, i følge samfunnsplanen. Det betyr at me må ha oppdaterte planar, særleg for dei delane av kommunen som har størst utbyggingspress. Gjeldande planstrategi for Sogndal kommune (2020-2023) vart vedteken før samfunnsplanen vart utarbeidd, og legg såleis ikkje godt nok til rette for den samfunnsutviklinga me ønskjer oss. Det er derfor utarbeidd ein oppdatert planstrategi før planperioden for gjeldande planstrategi har gått ut.

Utarbeiding av planstrategien er lovfesta i plan- og bygningslova § 10-1 og skal utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Arealplanen vil utgjere det viktigaste grunnlaget for ei styrt og føreseieleg samfunnsutvikling, og er derfor høgt prioritert. Nokre tematiske planar er også vurdert å vere nyttige å prioritere fram mot 2025. Hovudplan for vatn og avlaup legg grunnlaget for ei sikker vassforsyning og betra avlaupsanlegg i heile kommunen. Kommunal transportplan vil vere grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen knytt til transport og trafikktryggleik, og for det strategiske arbeidet opp mot RTP og NTP. Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar.

#### Områdeplanar

Eit av satsingsområda i samfunnsplanen dreier seg om tettstadene våre, der det er peika på at me skal bruke områdeplanar som eit av verktøya for satsinga. Dette er eit grep som vil legge til rette for ei god og berekraftig stadutvikling og skape attraktivitet i dei mest sentrale områda først.

Fram mot 2025 er det lagt opp til å utarbeide områdeplanar for alle dei tettbygde delane av kommunen. Dette er eit ambisiøst mål, både tidsmessig og fagleg. Det er derfor lagt opp til å nytte eksterne ressursar i arbeida, med tett oppfølging av fagmiljøa i administrasjonen. Involvering og medverknad vil vere sentrale aktivitetar i alle områdeplanane, og det skal utarbeidast ein felles metodikk som sikrar god flyt i arbeidet og brei forankring i alle planprosessane. Utarbeiding av områdeplanane er spreidde noko utover i tid, med områda med størst utbyggingspress først.

### Detaljplanar

Rådmannen har vurdert kvar enkelt av dei kommunale detaljplanane som vart sette i gang av dei tidlegare kommunane. Vurderingane er gjort ut frå føringar om god stadutvikling og lønsamheita i prosjekta.

Hittun, Saurdal og Strandavegen er planarbeid som er sette i gang av dei tidlegare kommunane, og som vert vurderte som føremålstenlege å vidareføre i den rullerte planstrategien.

For Leikanger ser me behov for ei heilskapleg vurdering av stadutviklinga, slik at me legg godt til rette for ein attraktiv tettstad. Ein områdeplanprosess vil sikre ei stadutvikling som tek i vare kvalitetane og utnyttar potensialet i den unike eigenarten til staden. Detaljplan for Henjabakkane ligg inne i gjeldande planstrategi, på bakgrunn av vedtak i tidlegare Leikanger kommune. På bakgrunn av behovet for ei heilskapleg stadutvikling, og at detaljplanen vil gje betydelege kostnader for kommunen, vurderer rådmannen at dette området må vurderast i områdeplanen for Hermansverk. Planen ligg derfor ikkje inne i rullert planstrategi.

### **3. Konklusjon**

Planstrategien følgjer opp føringane i samfunnsplanen og legg opp til eit ambisiøst og målretta arbeid mot å skape fruktbare tettstader i heile kommunen.